

---

**Til:** Fylkestinget

---

**Frå.** Fylkesrådmannen

---

## Endring i vedlagte plandokument og handlingsprogram

Etter merknader frå Hovudutval for næring og Fylkesutvalet er det gjort endringar i plandokumentet «Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033» på side 27, og tilhøyrande Handlingsprogram 2021 på side 12. Endringa er som følgjer:

Netto Nullutslepp	<p>Netto nullutslepp er definert som balanse mellom klimagassutslepp og opptak av klimagassar. Det må fjernast minst like mykje CO<sub>2</sub> frå atmosfæren som det vert slept ut. Denne planen nyttar same definisjon, og legg til grunn følgjande mål om å kutte CO<sub>2</sub>- utslepp og andre sterke klimagassar:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Visjonen om netto nullutslepp inneber ein utsleppsreduksjon av direkte utslepp med mål om netto nullutslepp innan 2030.</li><li>• Utsleppa vert rekna som CO<sub>2</sub>-ekvivalentar, dette inkluderer sterke klimagassar som metan og lystgass, i tillegg til CO<sub>2</sub>.</li><li>• Alle fossile utslepp skal fjernast.</li><li>• Naturlege utslepp frå husdyr og gjødsel vil førekomme, men skal reduserast så mykje som råd.</li><li>• Utslepp som ikkje er mogeleg å redusere, kan aktørane sette ut ved kvotekjøp i medhald av GHG-protokollen (The Greenhouse Gas Protocol). GHG-protokollen er eit internasjonalt anerkjent verktøy som kvart brukt til å berekna og rapportere klimagassutslepp.</li></ul>
-------------------	---

I opphavelig versjon av dei to dokumenta var gjeldande punkt i ordlista slik formulert:

Nullutslepp	<p>Utviklingsplanen for Vestland har som delmål at Vestland skal vere ein pådrivar for nullutslepp innan 2030. EU definerer netto nullutslepp som balanse mellom klimagassutslepp og opptak av klimagassar. Det må fjernast minst like mykje CO<sub>2</sub> frå atmosfæren som det vert slept ut. Denne planen nyttar same definisjon, og legg til grunn følgjande mål om å kutte CO<sub>2</sub>- utslepp og andre sterke klimagassar</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Visjonen om nullutslepp inneber ein utsleppsreduksjon av direkte utslepp med mål om nullutslepp innan 2030.</li><li>• Utsleppa vert rekna som CO<sub>2</sub>-ekvivalentar, dette inkluderer sterke klimagassar som metan og lystgass, i tillegg til CO<sub>2</sub>.</li><li>• Alle fossile utslepp skal fjernast.</li><li>• Naturlege utslepp frå husdyr og gjødsel vil førekomme, men skal reduserast så mykje som råd.</li><li>• Utslepp som ikkje er mogeleg å redusere, kan aktørane sette ut ved kvotekjøp i medhald av GHG-protokollen. .</li></ul>
-------------	---